



Styre/råd/utval	Møtedato	Saknr
Formannskapet	25.01.2021	08/21

Saksansvarleg: Jeanett Kaasa

Arkiv: FA-U63, HISTB-08/37

Arkivsaknr.: 20/9591

Forslag til lokal forskrift om opningstider for serveringsstader i Midt-Telemark kommune

Kommunedirektørens innstilling:

Forslag til forskrift om opningstider for serveringsstader i Midt-Telemark kommune leggest ut til offentlig høyring.

25.01.2021 Formannskapet

Behandling:

Innstillinga ble enstemmig vedtatt.

FS- 08/21Vedtak:

Forslag til forskrift om opningstider for serveringsstader i Midt-Telemark kommune leggest ut til offentlig høyring.

Bakgrunn for saka:

Bø kommune har hatt lokal forskrift om opningstider sidan 1. januar 2009. Sauherad kommune har ikkje hatt ei slik forskrift.

I Lov om serveringsvirksomhet (serveringsloven) av 13. juni 1997 nr. 55 § 15 kan kommunen i forskrift fastsetje opningstider for dei serveringsstadene som ligg i kommunen.

Sakstale:

I 2008 vart serveringslova endra, og etter lovendringa vart vedtaket i § 15 om normalopningstid for serveringsstader teken vekk. Det blei samstundes gjeitt heimel for å fastsetja lokale opningstider for kommunane.

Frå 01.01.2009 blei det som følge av lovendringa fri opningstid for serveringsstadene som kjem inn under serveringslova, dersom ikkje anna blir bestemt gjennom ei lokal forskrift. Det inneber at serveringsstadene kan halde ope heile døgnet.

Opningstidene for serveringsstader vil også harmonere med dei vedtekne alkoholpolitiske retningslinene for kommunen når det gjeld stengetid. Opningstida i forskrifta med heimel i serveringslova § 15, vil ikkje overstyre dei skjenketidene som er innvilga for dei verksemdene som har skjenkeløyve i kommunen.

Å regulere opningstidene i ei forskrift vil skape forutsigbarhet for serveringsstadene i Midt-Telemark kommune på lik line som med dei alkoholpolitiske retningslinene i kommunen.

Det foreslås følgjande tidsplan for arbeidet med ny forskrift:

Dato	Behandling
25.01.2021	Formannskapet
27.01.2021	Høyring i 2 månadar
29.03.2021	Høyringsfrist
06.04.2021	Utval for helse og velferd
19.04.2021	Formannskapet
26.04.2021	Kommunestyret
01.05.2021	Kunngjering og publisering av forskrift
26.07.2021	Ikrafttredelse. Forskrift trer i kraft tre månadar etter vedtak

Vedlegg:

22.12.2020	Forskrift om åpningstider for serveringssteder i Midt-Telemark kommune	1387901
15.01.2021	ENDRINGAR I SERVERINGSLOVA OM OPNINGSTIDER I § 15 - UTARBEIDING AV LOKAL FORSKRIFT MED VERKNAD FRÅ 01.01. 2009 (L)(808263)	1388157